

Notat

Til: Rådmann Magnus Mjør

VURDERING AV OM STORD KOMMUNE KAN GJE BAGATELLMESSIG STØTTE TIL DAT

Stord kommune vurderer å løyve eit tilskot til Danish air transport A/S (DAT) på kr. 395 000,- vår 2016, og ei tilsvarande løyving i november 2016.

Spørsmålet er om ei slik løyving vil vera foreinleg med reglane om offentleg støtte.

I utgangspunktet er det forbode å gje offentleg støtte, jf. EØS-avtalen artikkel 61 nr.1. Regelen peikar på seks vilkår som må vera oppfylt for at eit tiltak utgjer *offentleg støtte*:

1. Støttemottakar må få ein økonomisk fordel
2. Støtta må stamme frå offentlege midlar
3. Støttemottakar må vera eit føretak som driv økonomisk aktivitet
4. Støtta må vera selektiv (favorisera enkelte føretak eller produksjonen av enkelte varer eller tenester)
5. Støtta må vri konkurransen
6. Støtta må påverka samhandelen innanfor EØS-området

Dersom alle desse vilkåra er oppfylt, vil tiltaket vera offentleg støtte. For at eit slikt tiltak skal kunne gjennomførast, må det vera foreinleg med ein av unntaksreglane som følgjer av EØS-avtala. Dersom berre nokre av vilkåra er oppfylt, fell tiltaket utanfor EØS-avtalen sitt regelverk, og er lovleg.

Tilskot som Stord kommune vurderer å gje til DAT, oppfattar eg fyller dei seks vilkåra ovanfor og er etter mi vurdering tiltak som utgjer offentleg støtte.

Sjølv om alle vilkåra i artikkel 61 nr.1 er oppfylt er det likevel mogeleg å leggje tilrette tiltaket slik at det er foreinleg med EØS-avtala. Ein praktisk viktig unntaksregel er regelen om bagatellmessig støtte.

- [Forordningen om bagatellmessig støtte \(de minimis-støtte\)](#)

Regelverket om bagatellmessig støtte er nedfelt i [Forskrift om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte § 2](#), som viser til [Kommisjonsforordning \(EF\) nr. 1998/2006 av 15. desember 2006](#).

Reglane om bagatellmessig støtte gjev støttegjevar moglegheit til å tildele mindre støttebeløp til ynskja føremål. Dette regelverket inneber at det offentlege kan tildele støtte til eit føretak på opp til 200 000 euro i ein periode på tre rekneskapsår, utan å notifikere støtta til EFTAs overvaksingsorgan (ESA). Bagatellmessig støtte må vera transparent. Bagatellmessig støtte kan ikkje gjevast i tillegg til anna støtte for dei same støtteberettiga kostnadane.

Regelverket kjem i utgangspunktet til bruk på alle sektorar som vert omfatta av EØS-avtala, med unntak av kullsektoren. Det kan ikkje gjevast bagatellmessig støtte til innkjøp av veifraktkøyrety, til verksemdar i vanskar, til eksportretta verksemd eller for å fremje innanlandske produkt på bekostning av importerte. Regelverket kjem til bruk på både enkelttildelingar av støtte og støtteordningar. Bagatellmessig støtte kan forøvrig gjevast til små, mellomstore og store foretak.

Spørsmålet er om vilkåra for bagatellmessig støtte er oppfylt i denne saka.

Ad beløpsgrensa på inntil 200 000 Euro i ein periode på tre rekneskapsår

Summane som Stord kommune vurderer å gje i tilskot til DAT er godt innanfor beløpsgrensa åleine. Commercial Director i DAT, Dennis Rybasch, vart kontakta i mail datert 23.05.16, og stilt følgjande spørsmål:

1. «Har DAT over en treårsperiode mottat direkte eller indirekte "bagatellmessig støtte" fra det offentlige?
2. Hvor mye har DAT i så fall fått tilsammen i denne perioden?
3. Vil en "bagatellmessig støtte" frå Stord kommune og Hordaland fylkeskommunen på f.eks. NOK. 1000 000,- gjøre at grensen på 200 000 euro overskrides?»

Rybach opplyste i mail, datert 24.05.16 følgjande:

"DAT har ikke modtaget støtte af nogen form de seneste 3 år."

DAT har såleis stadfesta at dei ikkje har motteke verken direkte eller indirekte støtte i treårsperioden.

Vilkår om beløpsgrense på inntil 200 000 euro over ein treårsperiode til eit foretak, vert etter dette lagt til grunn som ikkje overskriden ved at Stord kommune gjev si støtte.

Ad kravet om at støtta må vera transparent

Med transparent støtte meiner ein støtteformer der det er mogleg å rekne nøyaktig støtteelement på førehand, dvs. før tildeling av støtte, og utan at det er naudsynt å gjera ei risikovurdering. Dersom ein kommune t.d. ynskjer å gje bagatellmessig støtte til eit bestemt føretak i form av sal av tomt til under marknadspris, må støttebeløpet kunne berekna på førehand. Støttebeløpet i ein slik sammenheng vil vera differansen mellom salspris og ein på forhånd fastsatt marknadspris.

Stord kommune vurderer å løyve tilskot på kr. 790 000,- i 2016. Støttebeløpet frå Stord kommune vert i så fall gjeve som eit direkte tilskot. Eit slikt støttebeløp vil fylle vilkåret om at støtta må vera transparent.

Vilkåra for bagatellmessig støtte er oppfylt i denne saka.

Konklusjon: Ei slik løying vil vera foreinleg med reglane om offentlig støtte.

Kontroll og prosedyrekrav

I samband med tildeling av bagatellmessig støtte, må støttegjevar skriftleg informere støttemottakar om at det er bagatellmessig støtte som vert ytt, og kor stort beløpet er (uttrykt i bruttotilskotsekvivalent). Denne skriftlege informasjonen skal også innehalde konkrete referansar til regelverket om bagatellmessig støtte. Støttegjevar må også sikre seg skriftleg stadfesting frå støttemottakar om eventuell annan bagatellmessig støtte foretaket har motteke i dei to føregåande regnskapsår, samt inneverande budsjettår. Det fins ikkje eit nasjonalt register over tildelt bagatellmessig støtte i Noreg, men støttegjevar skal oppbevare opplysningar over tildelt bagatellmessig støtte i 10 år. Støttegjevar skal kunne gje ESA opplysningar om tildelt bagatellmessig støtte i løpet av 20 arbeidsdagar, dersom ESA ber om slik informasjon.

Det er ikkje gjort ei vurdering av kva som vert vurdert som eit føretak.

Kjelde: [EØS-avtalens regler om offentlig støtte](#)

Med vennleg helsing

Iren Dyrseth
controller

Tlf: 53 49 66 24